



# Overordna analyse

Forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019

Bø kommune

2016 :: 721 018

## Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentlig forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår [www.tekomrev.no](http://www.tekomrev.no).

# Innhald

<b>Om Telemark kommunerevisjon IKS.....</b>	<b>1</b>
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>3</b>
1.1 Plan for forvaltningsrevisjon .....	3
1.2 Kva er forvaltningsrevisjon? .....	3
1.3 Forvaltningsrevisjonar i Bø kommune i 2012-2015.....	4
1.4 Avtale om forvaltningsrevisjon 2016-2019.....	4
<b>2 Plan for forvaltningsrevisjon .....</b>	<b>5</b>
<b>3 Overordna analyse .....</b>	<b>6</b>
3.1 Om risiko, vesentlegheit og metodikk .....	6
3.2 Om Bø kommune.....	7
3.3 Lokaldemokrati, tillit og etisk standard .....	9
3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll .....	10
3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet .....	13
3.6 Berekraftig utvikling .....	23

Foto framside: Danny Twang

# 1 Innleiing

## 1.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å utarbeide eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon i kommunen.<sup>1</sup> Planen skal utarbeidast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret skal vedta plan for forvaltningsrevisjon seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. **Forslag til plan for forvaltningsrevisjon finn du i kapittel 2.**

Planen skal byggje på ei overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå vurderingar av risiko og vesentlegheit, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon. **Denne analysen finn du i kapittel 3.**

Analyse og forslag til plan er utarbeidd av Telemark kommunerevisjon IKS i samsvar med gjeldande avtale om revisjonstenester. Analysen gjeld kommunen si verksemd og verksemd som er organisert som kommunalt føretak (KF), § 27-samarbeid og vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1 b og § 28-1 c.

Kommunal verksemd som er organisert i sjølvstendige rettssubjekt (interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap eller § 27-selskap) er ikkje dekte av analysen. For slike organisasjonsformer kan kontrollutvalet føre tilsyn ved hjelp av selskapskontroll.<sup>2</sup>

## 1.2 Kva er forvaltningsrevisjon?

På vegne av kommunestyret skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført

*systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)*<sup>3</sup>

---

Forvaltningsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll – det er ein del av kommunestyret sitt tilsyn med forvaltinga av og i kommunen. Forvaltningsrevisjonen si rolle er å undersøkje om verksemda i kommunen skjer i tråd med gjeldande lover og

---

<sup>1</sup> Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta) av 15. juni 2004, § 10.

<sup>2</sup> Jf. kontrollutvalsforskrifta kapittel 6 og eigen plan for selskapskontroll.

<sup>3</sup> Revisjonsforskrifta § 7

reglar og kommunen sine planar og vedtak. Fokus vert også retta mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for innbyggjarane i kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet:

- synleggjere moglegheiter til auka produktivitet og måloppnåing
- bringe fram styringsinformasjon til dei som tek avgjerder i kommunen
- bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- bidra til kommunen sin eigenkontroll

### 1.3 Forvaltningsrevisjonar i Bø kommune i 2012-2015

I Bø kommune er følgjande forvaltningsrevisjonar gjennomført i perioden 2012-2015:

- Gullbring kulturanlegg AS (forvaltningsrevisjon i selskap) (2013)
- Offentleg innsyn og miljøinformasjon (2013)
- PPT i Midt-Telemark (forprosjekt) (2014)
- Sjukefråvær i Bø kommune (levert hausten 2015)

### 1.4 Avtale om forvaltningsrevisjon 2016-2019

Forvaltningsrevisjon er omfatta av avtalen om revisjonstenester mellom Bø kommune og Telemark kommunerevisjon IKS. Forslaget til plan har eit omfang på forvaltningsrevisjon som samsvarar med tilgjengelig ressurs etter avtalen om revisjonstenester. Kommunestyret/kontrollutvalet kan endre planen innanfor denne definerte ressursrama gjennom heile planperioden.

Dersom kommunen ynskjer fleire eller meir omfattande forvaltningsrevisjonar kan ein avtale det. Dette vert fakturert særskilt.

## 2 Plan for forvaltningsrevisjon

Innanfor gjeldande avtale om revisjonstenester og på bakgrunn av overordna analyse i kapittel 3, foreslår vi følgjande forvaltningsrevisjonar for planperioden 2016 – 2020, i prioritert rekkefølge. Timeomfang per prosjekt er eit førebels overslag. Ved endeleg planlegging av forvaltningsrevisjonen kan ressursbehovet per prosjekt bli justert både opp og ned i samråd med kontrollutvalet.

Tema/tittel	Vinkling	Nytte	Omfang
<b>Pleie og omsorg</b>	Tildeling av tenester eller kvalitet i heimetenesta.	Kan bidra til styringsinformasjon og betre tenester.	300-350 t
<b>Informasjons-tryggleik</b>	Undersøke om retningslinene er dekkande og føremålstenlege og om retningslinene er implementert i kommunen.	Kan bidra til auka fokus og betra informasjonstryggleik.	Ca 250-300 t
<b>Barnevern</b>	Førebyggjande arbeid i kvar kommune (ikkje felles)	Bidra til styringsinformasjon og fokus på førebyggjande arbeid, inkludert meldeplikta til barnevernet.	Ca 200-350 t avhengig av vinkling
Fleire alternative vinklingar. Vi rår kontrollutvala i Midt-Telemark til å vurdere dette tema i fellesskap.	<b>Fellestema:</b> Vertskommuneavtalen – økonomistyring og rapportering  Eller:  Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta	Bidra til styringsinformasjon og betre tenestetilbod	

## 3 Overordna analyse

### 3.1 Om risiko, vesentlegheit og metodikk

#### Risiko og vesentlegheit

Risiko handlar om

- kva som kan gå gale
- kor truleg det er at noko går gale, og
- kva som er konsekvensen av at noko går gale.

Vurderinga av kva som er vesentleg handlar om kor viktig oppgåva eller området er for kommunen og kommunen sitt samfunnsoppdrag, eller for kommunen sine innbyggjarar.

#### Metode

I denne vurderinga har vi tatt utgangspunkt i formålsparagrafen i kommunelova og rådmannen sitt ansvar<sup>4</sup>. Vi fokuserer på følgjande område i analysen:

- Ligg forholda til rette for eit funksjonsdyktig folkestyre?
- Har rådmannen tiltak for verksemdsstyring og tryggande kontroll?
- Vert rettstryggleik, kvalitet og effektivitet sikra i utøving av mynde og i tenesteyting?
- Legg kommunen til rette for ei berekraftig utvikling?

For å kartleggje og vurdere risiko i Bø kommune har vi gjennomgått kommunen sin økonomiplan, budsjett og annan styringsdokumentasjon. Vi har gjort ein analyse av nøkkeltal frå KOSTRA og anna statistisk materiale. I KOSTRA-analysen nyttar vi tal for kommunen for perioden 2012 – 2014.

Vi samanliknar kommunen med andre liknande kommunar og landsgjennomsnittet utanom Oslo. I KOSTRA er kommunane gruppert etter størrelse, kostnader og inntekter. Bø kommune er i kommunegruppe 11, saman med mellom andre Nome og Notodden.<sup>5</sup> Kommunegruppe 11 er mellomstore kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, og middels frie disponible inntekter.

---

<sup>4</sup> Kommunelova § 1 og § 23 nr. 2

<sup>5</sup> Bø var i kommunegruppe 10 fram til 2013, då det var ein gjennomgang og ei justering av kommunegruppene.

Vi har fått informasjon om kommunen sitt internkontrollarbeid, og vi har henta informasjon frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport, tilsynsrapportar og klagestatistikk.

Vi har henta inn synspunkt på risikoområde og behov for forvaltningsrevisjon frå kontrollutvalet frå førre valperiode, og vi har gjennomført samtalar med ordførar og rådmann.

Kontrollutvalet frå førre valperiode hadde ikkje forslag til forvaltningsrevisjon.

### **Kommunereform og plan for forvaltningsrevisjon**

Kommunereforma med moglege nye oppgåver og endra inndeling av kommunane vil kunne påverke risikobildet og dermed plan for forvaltningsrevisjon. Dette avheng av kva retningsval kommunen gjer i spørsmålet om kommunestruktur. Vi har lagt til grunn for vår analyse at eventuelle endringar i kommunestrukturen i Telemark ikkje vil ha verknad før i 2020. Dersom det blir endringar i kommuneinndelinga for Bø kommune kan det vere behov for å rullere plan for forvaltningsrevisjon.

## **3.2 Om Bø kommune**

### **Demografi**

Folketalsveksten er i Bø er god, og pr. 1.1.2016 var det 6101 innbyggjarar i Bø. Andelen unge er noko høgre enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Andelen med innvandrarbakgrunn er 12,3 %, mot 9,5% i kommunegruppa. Ein lågare del av innbyggjarane bur i tettstad i Bø enn i gjennomsnittet i kommunegruppa.

### **Kommunen sin organisasjon**

Bø kommune hadde 404 aktive årsverk ved utgangen av 2014. Årsverka var fordelt på 567 tilsette (faste og mellombels), som igjen var fordelt på 604 stillingar (ein tilsett kan ha meir enn ei stilling). Gjennomsnittleg stillingsstorleik var 72%.

Kommunen er leia av rådmann, og verksemda er organisert i tre sektorar med ti einingar, i tillegg til fire stabseiningar. Kommunen omorganiserte i 2013, og rådmannen meiner at organisasjonen fungerer godt og har gitt betre budsjett- og styringskontroll. Omorganiseringa skal evaluerast i 2016/2017.

Bø kommune deltek i nettverksarbeid i regi av KS knytt til overordna styring og leiarutvikling, og er i følgje årsmeldinga i ferd med å få på plass system for heilskapleg styring av kommunen. Bø kommune har ikkje eit heilskapleg system for internkontroll.



Lågt sjukefråvæere er peika på som viktig for god tenestekvalitet og for å nå budsjettmåla. Kommunen arbeider for å redusere sjukefråveret. Det var forvaltningsrevisjon av dette arbeidet i 2015.

### Kommunesamarbeid

Bø har ikkje kommunale føretak, men er involvert i mange samarbeidsordningar, i hovudsak med Nome og/eller Sauherad. Nokre av ordningane er tidsavgrensa prosjekt, medan andre ordningar er driftsoppgåver med fast organisering. Det interkommunale samarbeidet mellom Bø, Nome og Sauherad blir koordinert av Midt-Telemarkrådet.

Interkommunalt samarbeid har mange fordelar, men også nokre ulemper. Ein ulempe er at det kan oppstå eit underskot på demokratisk påverknad. Ein annan ulempe er at samarbeidskommunane kan oppleve svekka innsyn i og styring med den interkommunale tenesta. Behov for forvaltningsrevisjon knytt til samarbeidsordningane er nærare omtalt under det tema der det er relevant. Kommunane har følgjande samarbeidsordningar organisert som § 27-samarbeid eller vertskommunesamarbeid:

Samarbeidsordningar	Organisering	Vertskommune/ kontorkommune
Brann og redning	§ 28	Nome
Barneverntenesta	§ 28	Sauherad
IKT	§ 27	Bø
Landbrukskontor	§ 27	Sauherad
Pedagogisk psykologisk teneste	§ 28	Sauherad

Kommunen er medeigar/eigar i interkommunale selskap (IKS) og aksjeselskap (AS), både innanfor kjerneområda til kommunen og i selskap med heilt eller delvis kommersielt formål. Behov for kontroll og forvaltningsrevisjon på desse områda er omtalt i plan for selskapskontroll.

### Økonomi

Økonomien i Bø kommune er anstrengt. Driftsrekneskapen i 2014 gjekk i balanse etter bruk av strykingsreglane. Budsjettert dekning av tidlegare års meirforbruk i rekneskapen vart redusert frå ca. 11 mill. til ca. 7 mill. kroner. Kommunen har framleis eit stort meirforbruk å dekke, og har mål om å vere ute av ROBEK i 2017.

Det går fram av økonomiplanen for 2016 at drifta er effektiv og kostnadene er redusert, men at den økonomiske situasjonen framleis er krevjande. Effektiv drift og kostnadsreducerande tiltak vil ha særskilt fokus også i 2016.

KOSTRA 2014	Bø	Grppesnitt#	Landsgj.snitt*
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	47 935	50 847	48 610
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	79 393	58 412	50 139
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	-	3,1	5,2
Akk. rekn.sk.m. meirforbruk i % av br. driftsinntekter	2,0	0,6	0,6
Netto driftsutg. per innb. 1-5 år i kroner, barnehagar	116 339	126 626	128 579
Netto driftsutg. til grunnskolesektor pr innb. 6-15 år	94 311	108 766	101 210
Netto driftsutg. pr. innb. i kr, kommunehelsetenester	2 642	2 584	2 317
Netto driftsutg. pr. innb. i kr, pleie- og omsorgstenester	18 531	18 851	16 409
Netto driftsutg. til sosialtenesta pr. innb. 20-66 år	4 020	2 894	3 137
Netto driftsutg. pr. innb. 0-17 år, barnevernstenesta	9 057	8 076	7 986
Netto driftsutg. til adm. og styring i kr. pr. innb.	4 496	4 400	4 219

SSB: Utvalde nøkkeltal, kommunar – nivå 1 og 2. Reviderte tal 26.06.2015 # gjennomsnitt for kommunegruppe 11 som er mellomstore kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, og middels frie disponible inntekter \* Landsgjennomsnitt utan Oslo

### 3.3 Lokaldemokrati, tillit og etisk standard

#### 3.3.1 Openheit og innsyn

Openheit og innsyn er sentrale føresetnader for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine reglar om innsyn og opne møte skal leggje til rette for at kommunen si verksemd er opa og gjennomiktig. På den måten vert informasjons- og ytringsfridom, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte og ålmenta sin kontroll styrka.

På nettstaden til Bø kommune ligg møtekalender og sakspapir for dei politiske møta tilgjengeleg for ålmenta. Bø kommune har innført elektronisk arkiv i samarbeid med Nome og Sauherad. Det var gjennomført forvaltningsrevisjon av offentleg innsyn i 2013. Vi har ikkje sett særskilt risiko på dette området no.

#### 3.3.2 Saksførebuing og gjennomføring av vedtak i kommunestyret

Rådmannen har ansvar for at saker til folkevalde organ er forsvarleg utgreidde og at vedtak vert gjennomført. Kommunen har ein mal for saksutgreiing. Malen er styrande for oppsett av sakene, men har ikkje fast innhald som sikrar at tema som handlingsrom etter lovverk, økonomiske og administrative verknader, miljøverknader m.v. blir omtalt i saksutgreiinga. Ordførar meiner at saker til politisk handsaming berre heilt unntaksvis har vore for dårleg utgreidde.

Bø kommune har ein politisk sekretær som har oppgåver knytt til gjennomføring av møte i folkevalde organ, saksframlegg og vedtak, og kommunen er i ferd med å innføre eit enkelt system for å halde oversikt over og rapportere på gjennomføring av politiske

vedtak til kommunestyret. Eit etablert system for oppfølging av kommunestyrevedtak vil bidra til betre kontroll med at vedtaka blir gjennomført.

### **3.3.3 Budsjettering og rapportering**

Bø kommune har oppdaterte styrande dokument med definerte mål i økonomiplan 2015-18, samfunnsdelen av kommuneplan med handlingsprogram 2016-19 og måleskjema 2015-18.

Kommunen har sterkt fokus på styring av økonomien. Ein rapporterer månadleg til formannskapet på utgifter. Kommunestyret får tertialrapportering.

Ordfører meiner at det kunne vore ynskjeleg med månadsrapportering der både inntekter og utgifter var periodisert, og at budsjett- og økonomirapporteringa har ei utforming som gjer at det kan vere vanskeleg for politikarane å setje seg fullt ut inn i økonomisakene.

## **3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll**

### **3.4.1 Internkontroll**

Kommunelova § 23 nr. 2 har eit generelt krav om at rådmannen skal ha tryggande kontroll med verksemda i kommunen. Etter lovforarbeida vil det seie eit generelt krav om at kommunen skal ha internkontroll. I tillegg er det krav om internkontroll på ei rad særlovsområde, både sektorovergripande og for dei ulike tenestemråda i kommunen, f. eks. arbeidsmiljølova, personopplysingslova, opplæringslova, barnevernslova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova.

Det går fram av budsjettet for 2016 at rådmannen har mål knytt til å sikre rett bruk av styringssystema i kommunen. Økonomi og personal har særleg fokus. Bø kommune har fekk økonomireglement i 2014. Reglementet skal reviderast våren 2016.

Kommunen har lite skriftlege rutinar på økonomiområdet, og internkontrollen har ikkje ein heilskapleg struktur. Det kan vere risiko knytt til måloppnåinga her, og området økonomistyring og internkontroll kunne vere aktuelt for forvaltningsrevisjon. Vi har ikkje prioritert dette opp i forhold til andre aktuelle tema.

### **3.4.2 Etikk og varslings**

Eit av formåla med kommunelova er å legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard. KS og Transparency International Norge (TI) tilrår at kommunane har etiske retningsliner for tilsette og folkevalde, og at retningslinene bør vere handsama av kommunestyret.

I årsmeldinga skal kommunen gjere greie for tiltak som er sett i gang og tiltak som er planlagde å verte sette i gang for å sikre tryggande kontroll og ein høg etisk standard i verksemda. Det går fram av årsmeldinga til Bø kommune at Bø kommune har eit etisk reglement vedteke i 2009, med tillegg for etiske retningsliner for innkjøp vedteke i 2013. Dette gjeld både for politikarar og tilsette. Kommunen har eit felles verdigrunnlag som er samla i ein verdiplakat som gjeld for alle tilsette. Denne blei ferdigstilt og godkjent i AMU i 2005. I 2010 er verdiplakaten evaluert og fornya med ny layout. Verdiane og teksten er ikkje endra. Verdiplakaten blei vedteken av kommunestyret og gjeld også for politisk arbeid i kommunen.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Arbeidsgivar har plikt til å utarbeide rutinar for varsling eller å sette i verk andre tiltak for å legge til rette for intern varsling. KS og Arbeidstilsynet tilrår at kommunane utarbeider skriftlege rutinar for dette. Bø kommune har skriftlege rutinar for varsling.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon med tema etikk og varsling tidlegare. Rådmannen meiner at kommunen kan ha nytte av ein slik forvaltningsrevisjon, men at det i så fall bør kome seint i perioden. Vi har ikkje prioritert dette temaet opp i forhold til andre risikoområde, men vurderer også at det kan vere god nytte av ein slik forvaltningsrevisjon.

### **3.4.3 Arkiv og dokumentasjon**

Kommunar og offentlege organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet både i eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. I tillegg spelar dokumentasjon og innsyn ei rolle for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd.

Det var forvaltningsrevisjon av arbeidet med journalføring og offentlig innsyn i 2013.

### **3.4.4 Informasjonstryggleik**

Informasjonstryggleik gjeld alle tiltak som sikrar konfidensialitet, integritet og tilgang til informasjon og IKT-system, det vil seie alt som gir korrekt informasjon til dei rette menneska til rett tid.

Alle offentlege verksemdar er etter § 15 i eforvaltningsforskrifta pålagde å ha internkontroll på informasjonstryggleik.

Personopplysningslova med forskrifter gjeld for personopplysningar, og krev tilfredsstillande informasjonstryggleik med omsyn til konfidensialitet, integritet og

tilgang. Det er kravd dokumentert internkontroll, der verksemda mellom anna skal fastsette overordna mål for tryggleik, definere akseptabelt risikonivå og fordele ansvar og oppgåver i tryggingsarbeidet.

Rådmannen er opptatt av at tilsette må få god opplæring i rett bruk av datasystem og ny teknologi.

Vinteren 2013 vedtok administrasjonsutvala i kommunane Bø, Nome og Sauherad IKT-tryggleiksplan for kommunane. Planen legg føringar for kva tryggleiksrutinar som skal følgjast i dei tre kommunane. Vidare oppfølging av planen er lagt til IKT-tryggleiksansvarlig i kvar kommune. Det er risiko for manglande implementering og vedlikehald av rutinar og tiltak for informasjonstryggleik. Organiseringa med interkommunalt samarbeid kan auke risikoen for mangelfull gjennomføring i den enkelte kommune. Vi vil tilrå at det blir gjennomført ein felles forvaltningsrevisjon av arbeidet med informasjonstryggleik i alle dei tre samarbeidskommunane.

#### **3.4.5 Innkjøp**

Offentlig sektor kjøper inn varer og tenester for nesten 400 milliardar kroner årleg. Regelverket om offentlege kjøp skal bidra til at pengane vert utnytta best muleg og at innkjøpa bidreg til eit konkurransedyktig næringsliv.

Reglane om offentlege innkjøp har også som føremål å bidra til ei berekraftig utvikling, og skal motverke sosial dumping og korrupsjon. I innkjøpssamanheng kan kommunen arbeide mot sosial dumping blant anna ved å stille og følgje opp krav om løns- og arbeidsvilkår i kontraktar.

Også innan miljø og andre former for sosialt ansvar kan offentlege innkjøparar spele ei viktig rolle gjennom kravsspesifikasjonar og kontraktklausular ved innkjøp, og gjennom oppfølginga av kontraktane.

Nye og forenkla reglar om offentlege innkjøp er venta å gjelde frå våren 2016. Dei nye reglane vil gi kommunane både auka handlingsrom og nye plikter. Reglane skal mellom anna gi oppdragsgivar incentiv og plikter knytt til miljøomsyn og nedkjemping av barnearbeid og sosial dumping, og betre konkurransevilkåra for små og mellomstore bedrifter. Det vert foreslått at KOFA igjen skal kunne gi gebyr for ulovlege direkteinnkjøp.

Bø kommune er med i innkjøpssamarbeid, og får deltaking i rammeavtalar på den måten. Kommunen implementerer no e-handel, som skaper større tryggleik for rette

innkjøp. Ein har tiltak for å kontrollere etterleving av rammeavtalar og regelverk. Vi har ikkje prioritert dette området i forslag til plan for forvaltningsrevisjon for den komande valperioden.

#### **3.4.6 Offentleg støtte**

Statsstøttereglane i EØS-avtalen påverkar i stor grad rammene for nærings- og sysselsettingspolitikken. EØS-avtalen har eit forbod mot tildeling av offentlig støtte til føretak dersom støtta kan vri eller true med å vri konkurransen og påverke samhandelen innan EØS-området. Kommunen kan tildele støtte innanfor dei rammene og prosedyrekrava som følger av reglane om offentlig støtte.

Ein del kommunar tilbyr sjølv eller gjennom eigarskap, varer og tenester i konkurranseutsette marknader, for eksempel badeland, kafédrift, utleige av næringseigendom. Slik aktivitet skal skje utan offentlig støtte. Det betyr at aktiviteten skal vere tydeleg skilt frå anna offentlig verksemd, slik at det ikkje skjer ei ulovleg kryssubsidiering av den konkurranseutsette aktiviteten til kommunen. Det kan også vere risiko for at det vert tildelt ulovleg offentlig støtte når kommunen kjøper eller sel eigendom utanom den opne marknaden.

Det kan vere ein risiko for at kommunen gir ulovleg offentlig støtte. Dersom det vert ei klagesak knytt til dette, kan det føre med seg krav om at støttemottakar betaler tilbake støtta. Det vil vere uheldig for støttemottakar. Slike saker kan også vere arbeidskrevjande og føre til tap av omdømme for kommunen.

### **3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet**

Kommunane forvaltar ein stor del av fellesskapet sine midlar. Det meste blir brukt til å produsere dei tenestene som innbygarane treng. Tenestene skal ha det omfang og den kvalitet som lova krev, og mynde skal forvaltast slik som lovverket føreset.

#### **3.5.1 Oppvekst**

##### **Barnehage**

Kommunen har fleire roller og oppgåver på barnehageområdet. Kommunen skal mellom anna sørge for plass til alle barn med rett til barnehageplass, godkjenne

barnehagar, yte tilskot til private barnehagar, samordne opptak, drive rettleiing og føre tilsyn.

I 2014 hadde Bø kommune lågare barnehageutgifter per barn 1-5 år enn kommunane i kommunegruppa. Opphaldstimar per årsverk er høgre i Bø i 2014 enn i kommunane i kommunegruppa, dvs. at bemanninga i barnehagane i Bø er dårlegare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. På den andre sida har ein større del av dei tilsette barnehageutdanning, og dette har auka i perioden 2012 til 2014. Barnehagane i Bø er øvingsbarnehagar for lærarutdanninga. Det er betre plass per barn i barnehagane i Bø kommune enn i samanlikningskommunane. Ein mykje større del av barna får styrka tilbod i Bø enn i gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppa, og også enn landsgjennomsnittet, men kommunen brukar mindre per barn. Vi vurderer samla sett at det ikkje er særskilt risiko knytt til kvalitet og ressursbruk i barnehagane i Bø.

Reglane for foreldrebetalinga vart endra i 2015. Den generelle maksimalprisen aukar, og samtidig vert enkelte moderasjonar innført. Alle familiar med fleire barn skal ha søskenmoderasjon, og for familiar/hushald med låg inntekt vert det innført lågare maks-pris for alle barn, og gratis kjernetid for 4- og 5-åringar og for dei med utsett skolestart. Endringane er omtala i budsjettet, men vi finn ikkje informasjon til publikum om dette på nettsidene til Bø kommune.

Tilskotsordningane til private barnehagar er forenkla frå 2015, slik at tilskota skal baserast på kommunen sin rekneskap, og ikkje på budsjettet. Det vert arbeidd med å endre finansieringsordninga for private barnehagar frå 2016. Bø kommune har berekna at dette vil gi litt reduserte tilskott til dei private barnehagane samanlikna med før.

### **Skole**

Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev, jf. opplæringslova § 1-3, og ha eit system som gjer det mogleg å vurdere om kommunen oppfyller pliktene etter opplæringslova, jf. opplæringslova § 13-10.

Bø kommune utarbeider årleg tilstandsrapport for skolen. Rapporten inngår i den vanlege rapporteringa. Kommunen har vedtatt utviklingsplan for skolen med fleire målsetjingar. Det går fram av tilstandsrapporten frå september 2015 at fleire av desse måla er nådde, både når det gjeld gjennomføring og fagleg resultat. Enkelte mål er ikkje nådde, til dømes måla om meistringsnivå på nasjonale prøver og resultat på avgangseksamen.

Bø kommune har brukt stabilt mindre til undervisning per barn enn gjennomsnittet i kommunegruppa dei siste åra, og har lågare lærartettleik i ordinær undervisning enn landsgjennomsnittet. Vurdering for læring er eit satsingsområde i skolen, og det er eit mål for kommunen at omfanget av spesialundervisning skal ned. Prosentdelen barn som får spesialundervisning har gått ned frå 13,2 % i 2012 til 9,3 i 2014. Den delen av barna som får spesialundervisning er likevel framleis litt høgre i Bø i 2014 enn i samanlikningskommunane. Det går fram av årsmeldinga for 2014 at ein er i gang med arbeidet med vurdering for læring, og at lærarane på ungdomstrinnet brukar mykje tid til sosial oppfølging av elevane. Det går fram at det er krevjande å få til auka tilpassa opplæring innanfor dei ressursammene som skolen har.

Dette kan seiast å vere eit risikoområde, men vi har vurdert det slik at det fokuset som kjem til uttrykk når det gjeld utvikling og arbeid for tidleg innsats i skole og barnehage reduserer risikoen og reduserer dermed nytten av ein forvaltningsrevisjon her. Vi har derfor ikkje prioritert dette opp i forslaget til plan for forvaltningsrevisjon.

Prosentdelen lærarar med universitet- eller høgskoleutdanning og pedagogisk utdanning er lågare i Bø i 2014 enn i samanlikningskommunane, og er redusert sidan 2012. Kompetanseheving i barne- og ungdomsskolen eit nasjonalt satsingsområde. Det vert særleg lagt vekt på etter- og vidareutdanning for lærarar. Vi finn ikkje informasjon om kva Bø kommune gjer på dette området i budsjettet for 2016.

Det går fram av tilstandsrapporten at Bø kommune har gjennomført elevundersøkingar. Resultata er gjennomgåande gode. Svakast resultat får kommunen på elevdemokrati og medverknad, noko ein ser også for gjennomsnittet elles.

Kommunen skal sikre at elevane har eit godt fysisk og psykososialt miljø på skolen, jf. opplæringslova § 9a-1. Talet på barn og unge som rapporterer om krenkelsar og mobbing i dei årlege elevundersøkingane endrar seg lite frå år til år. Bø kommune har ein svak auke, men peikar seg ikkje ut i forhold til andre kommunar.

Fylkesmannen hadde tilsyn med skolen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale skolemiljø og kommunens system for vurdering og oppfølging på det same området. Det var fleire avvik både knytt til system og til handtering av enkeltsaker, med frist for retting våren 2015. Det kan vere risiko for at tiltaka for å lukke avvika ikkje verkar over tid, og det kunne såleis vere aktuelt med ein forvaltningsrevisjon for å følgje opp dette arbeidet. Vi har likevel ikkje prioritert dette opp i forslaget til plan for forvaltningsrevisjon.



### **Skolefritidsordning**

Kommunen skal tilby SFO til alle som ynskjer det. Tilbodet kan finansierast fullt ut med foreldrebetaling, jf. opplæringslova § 13-7. Utgiftene til SFO i Bø er svært lave. Dette kan ha samanheng med at berre 22% av elevane nyttar full plass.

Kommunen planlegg å gjennomføre ei brukarundersøking av SFO i 2016 mellom anna for å følgje med på kvalitetsutvikling og ivareta brukardialog.

### **Barnevern**

Kommunane i Midt-Telemark har etablert felles barnevernsteneste med Sauherad som vertskommune. Felles barnevernteneste kan sikre eit betre fagmiljø, styrke rettstryggleiken og redusere sårbarheit i tenesta. På den andre sida kan det vere ein risiko for at ansvar og oppgåver ikkje er klart nok fordelt mellom det interkommunale barnevernet og kommunane, og dermed kan styring og førebyggjande arbeid bli svekka.

Det er ofte fleire og samansette årsaker til at utsette barn og unge kjem i kontakt med barnevernet. Barna og familiare deira får ofte bistand frå fleire etatar. Det er viktig å sikre tidleg innsats gjennom tverrfagleg samarbeid, og med god forankring i leiing og styrande dokument. Tettare samarbeid mellom barnevern, helsestasjons- og skolehelsetenesta, barnehage, skule og NAV er eit fokusområde for Fylkesmannen.

Det var forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Midt-Telemark og samarbeidet i 2010. Forvaltningsrevisjonen viste at det var svakheiter ved det førebyggjande arbeidet i Bø. Etter vår vurdering er dette framleis ein risiko.

Utgiftene til barnevern per innbyggjar 0-17 år er høgre i Bø enn i samanlikningskommunane og landsgjennomsnittet, og utgiftene har auka sidan 2012. Den same tendensen ser ein i Nome og Sauherad. Andelen barn med barnevernstiltak har gått ned frå 4,8 % til 4,5 % i 2014, men av dei barna som har barnevernstiltak er fleire plassert enn før. Det kan ha verknad for kostnadsnivået. Barneverntenesta brukte mindre til sakshandsaming i 2014 enn samanlikningskommunane. Prosentdelen meldingar som fører til undersøking og deretter tiltak har gått ned frå 2012 til 2014. Andelen barn med tiltaksplan og oppfølgingsplan har auka.

Budsjettering av utgifter til barnevernet er vanskeleg. Utgiftene kan endre seg raskt dei behova som oppstår. I vertskommuneløysingar kan det vere krevjande å få til god rapportering, og dermed kan det bli vanskelegare å ha god økonomistyring knytt til dette feltet i samarbeidskommunane. Det går fram av økonomiplanen/budsjettet til Bø

kommune at ein ser ein risiko for svakare økonomistyring/innsyn og kontroll for samarbeidskommunane.

Vi rår til at det vert sett i verk forvaltningsrevisjon knytt til barnevern. Ulike vinklingar kan vere aktuelle. Forvaltningsrevisjonen kan rettast mot ansvarsdelinga mellom barneverntenesta og kommunen og kommunen sitt førebyggjande arbeid. Ei anna vinkling kan vere det økonomiske perspektivet, der ein ser på økonomistyring og rapportering.

Vi vil rår til at ein forvaltningsrevisjon på dette området også kan vere retta mot barneverntenesta i vertskommunen. I så fall er det kontrollutvalet i vertskommunen som må vedta forvaltningsrevisjonen, og vi rår til at alle tre kommunane går saman om forvaltningsrevisjonen.

### **3.5.2 Helse og velferd**

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, medrekna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfanget og innhaldet av tenestene er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.

Helse og velferd har vore i ein omstillingsprosess sidan 2013, mellom anna med sikte på effektivisering og kostnadsreduksjon. Slike tiltak kan føre til press på kvaliteten og tilgangen på tenestene. Bø kommune har frå 2014 hatt eit tildelingskontor som sakshandsamar tildeling av tenestene. Av fem klager på helse- og omsorgstenester i 2015 vart eit vedtak oppheva/sendt tilbake for ny handsaming.

### **Samhandlingsreforma**

Målet med samhandlingsreforma er å få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod. Reforma skal bidra til rett behandling – på rett stad – til rett tid. Ressursar skal i større grad brukast til å bygge opp kommunen sine helse- og omsorgstenester. Pasientane skal få betre koordinerte tenester, og innsatsen for å avgrense og førebygge sjukdom skal aukast.

Kommunane må betale for utskrivingsklare pasientar som dei ikkje kan ta imot. Dette gjelder førebels ikkje pasientar innan psykisk helse og rus. Her blir betalingsordninga innført tidligast i 2017. Bø kommune hadde berre 24 overliggardøgn i 2015.

Kommunane er pålagde å opprette tilbud for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for augnebliskeleg hjelp (ø-hjelpsplassar).<sup>6</sup> Bø kommune har dette tilbudet på plass.

### **Omsorgstilbod i og utanfor institusjon**

Kommunale helse- og omsorgstenester er i hovudsak ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk hjelp, opphald i institusjon, medrekna sjukeheim, og tilbud om avlastingstiltak, støttekontakt og omsorgslønn.

Frå 2015 har personar under 67 år med langvarig og stort behov for personleg assistanse rett til å få slike tenester organisert som brukarstyrt personleg assistanse. Denne endringa kan gi auka etterspurnad etter tenesta, og det kan vere risiko for at kommunen ikkje har budsjett/kapasitet til å møte etterspurnaden. Som ein del av ordninga med praktisk hjelp, skal alle kommunar ha tilbud om brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Bø har slikt tilbud organisert under kommunalsjef helse og velferd.

Omfanget av pleie- og omsorgstenestene har auka dei siste åra. Det aukande behovet kjem både av at tenestetilbodet har vorte bygd ut i takt med at det vert stadig fleire eldre, særleg i aldersgruppa over 90 år, og at det har vore ein sterk auke i talet på yngre mottakarar (under 67 år). I 2014 hadde Bø kommune lågare utgifter til innbyggjarar over 80 år enn samanliknings-kommunane, men høgre utgifter til innbyggjarar over 67 år.

Bø kommune er på same nivå som samanlikningskommunane når det gjeld plassar i institusjon og døgnbemanna bustad. Det er små skilnader når det gjeld kostnader per plass. Andelen plassar som er sett av til korttidsplassar har gått ned sidan 2012 og er lågare enn i samanlikningskommunane. Kommunen hadde færre mottakarar av heimetenester i alle alderskategoriane enn samanlikningskommunane, men høgre utgifter. Kostnaden var stabil i 2012 og 2013, og hadde ein markert auke i 2014.

Det går fram av årsmeldinga at det har vore store omstillingar og utfordringar innan tenesta, både knytt til sjukefråvær, gjennomgang av turnus og å ta i bruk ny sjukeheim. Fylkesmannen hadde tilsyn med rehabiliteringstilbodet i 2015. Kommunen fekk avvik for ikkje å sikre godt nok at pasientar ved Bø sjukeheim får forsvarleg rehabilitering.

Særleg heimetenesta har hatt høgt sjukefråvær og melder i budsjettet om at det er behov for fleire institusjonsplassar. Andelen tilsette med høgskule- og

---

<sup>6</sup> Helse- og omsorgstenestelova § 3-5

universitetsutdanning i brukarretta tenester lågare i Bø enn i samanlikningskommunane. Samhandlingsreformen fører til at det er behov for meir samansette og kompetansekravjande tenester i kommunane no enn tidlegare. Dette kombinert med høgt sjukefråvær aukar risikoen i tenestetilbodet.

Det kan vere risiko for at tenestetilbodet ikkje er tilstrekkeleg, og at det er eit særleg set press på heimetenesta. Vi meiner det kan vere grunn til å gjere ein forvaltningsrevisjon innanfor dette området, anten knytt til kvalitet i tenestene eller til sakshandsaming og arbeidet med tildeling av tenester.

### **Helsestasjon og skolehelseteneste**

Kommunen skal tilby helsestasjons- og skolehelseteneste til barn og ungdom 0–20 år. Tilbodet skal fremme psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, og førebyggje sjukdomar og skader, jf. helsestasjonsforskrifta §§ 1-1 og 2-1.

I følge Barneombodet opplever mange at det er for få helsesøstrer og at dei har for lite tid på skolen. Undersøkingar viser at helsesøstrer korkje har tid til å gjere dei lovpålagde oppgåvene eller tid til oppsøkjande arbeid og informasjonsarbeid. Bø kommune har helsestøstertilgang som ligg høgare enn samanlikningskommunane, og har styrkt tenesta grunna auke i behovet, jf. økonomiplan og budsjett 2016. Kommunen har helsestasjon for ungdom som er open ein dag i veka. Undersøkinga Ungdata<sup>7</sup> viser at 29% av ungdomskoleelevane i Bø har brukt skolehelsetenesta. Dette er litt under gjennomsnittet i landet og i Telemark.

### **Psykisk helse og rusomsorg**

Tal frå folkehelseinstituttet viser at bruken av legemiddel mot psykiske lidningar er meir omfattande i Telemark og Bø enn i landet sett under eitt.

Kommunane har ei sentral rolle i å identifisere, utgreie, behandle og følgje opp personar med psykiske lidningar og personar med rusproblem. Det er behov for koordinerte tenester og tverrfaglig samarbeid, både internt mellom ulike instansar i kommunen og mellom kommunen og spesialisthelsetenesta. Kommunen skal også skaffe bustad og sikre nødvendig bu-oppfølging til dei som treng det.

Regjeringa har varsla at den vil innføre eit krav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Det er foreslått tilskot per psykologårsverk som blir rekruttert frå 2016 og til

---

<sup>7</sup> <http://borgestadklinikken.no/ung-i-telemark>

plikta trer i kraft. Frå statleg hald er det gitt tydelege føringar for behovet for opptrapping av tenestetilbodet, og det er utarbeida ein ny nasjonal opptrappingsplan på rusfeltet.

Den årlege rapporteringa på kommunane sitt arbeid innan rusfeltet viser at talet årsverk i kommunane ble redusert frå 2012 til 2013. Bø kommune har større tettleik av psykiatriske sjukepleiarar per 1000 innbyggjarar enn samanlikningskommunane, men det går fram av årsmeldinga for 2014 at det har vore nedbemanning innan eininga som arbeider med psykisk helse i kommunen. Arbeidet med rusomsorg er ikkje særskilt nemnt i årsmeldinga. Vi meiner at det ligg føre risiko innan rus og psykiatri, men har ikkje prioritert dette området opp i forslaget til plan for forvaltningsrevisjon.

### **Folkehelsearbeid**

Førebyggjande helsearbeid er sentralt i samhandlingsreforma. Kommunen skal fremme helse og arbeide for å førebyggje sjukdom, skade og sosiale problem, og skal sette mål og strategiar for folkehelsearbeidet. Kommunen brukar lite på førebyggjande helsearbeid samanlikna med andre, og vi finn lite informasjon om folkehelsearbeidet i kommunen i årsmelding og på kommunen si nettside. På nettsida er det lenka til generell folkehelseinformasjon hos Telemark fylkeskommune.

Det kan vere ein risiko for at kommunen ikkje har ivaretatt oppgåvene innan folkehelsearbeid og førebygging godt nok. Vi har likevel ikkje prioritert dette området opp i forslaget til plan for forvaltningsrevisjon.

### **Sosiale tenester**

Kommunane har eit ansvar for å tilby tenester som skal bidra til sosial tryggleik og betre levekår for økonomisk vanskelegstilte. På landsbasis har utbetalingane til sosialhjelp auka dei siste åra. I Bø er utgiftene høgre enn i samanlikningskommunane, men utgiftene har gått ned sidan 2012.

Talet på sosialhjelpsmottakarar i Bø i forhold til talet på innbyggjarar har gått ned, særleg i gruppa under 25 år. Dei er både færre og får sosialhjelp i kortare tid enn før.

Gjennom NAV-reforma er blant anna ansvar for økonomisk sosialhjelp lagt til NAV-kontoret. Reforma skal bidra til fleire i arbeid og færre på passive ytingar. Vi ser at talet på mottakarar av kvalifiseringsstønad per 1000 innbyggjarar 20-66 år har auka sidan 2012.

For personar med behov for økonomisk sosialhjelp er det viktig å få ei rask og rett avgjerd. Av 17 klager til fylkesmannen fekk kommunen medhald i 15.

### **Introduksjonsordninga**

Introduksjonsprogrammet skal bidra til at deltakarane vert kvalifisert for arbeid eller vidare utdanning. Ordninga vart innført i 2004, og i 2011 kom krav om internkontroll, for å sikre at krava i lova vert følgde. Den store auken i talet på flyktningar gjer at dette er eit område med auka press og fokus på nasjonalt nivå. Regjeringa har foreslått endringar i introduksjonslova for mellom anna å styrke språkopplæringa, jf. Stortingsproposisjon 130 L (2014–2015).

Bø kommune har om lag 60 flyktningar i sitt program til ei kvar tid. Kommunestyret har vedtatt å auke talet på flyktningar i 2015 og 2016. Det er ei målsetjing for kommunen å styrke kvaliteten i introduksjonsprogrammet, og at 80% av dei busette flyktningane over 16 år skal vere i arbeid eller utdanning etter 5 år. For flyktningar som avslutta programmet for tre år sidan var 71% i arbeid eller utdanning i 2014. Rådmannen opplyser at kommunen vil treffe tiltak for å nå 80%-målet, til dømes utvida programperioden for enkelte deltakarar, meir målretta bruk av språkpraktiseplassar, kjøp av tenester frå IDEA kompetanse og oppretting av felles vaksenopplæring med Nome slik at ein kan få til betre tilpassa opplæring og raskare gjennomstrømming. Frå 2015 er Nome kommune vertskommune for felles vaksenopplæring.

Det er viktig at arbeidet med å sikre god integrering fungerer optimalt. Endra organisering av dette arbeidet aukar behov for samarbeid på tvers av tenesteområde og kommunar. Vi meiner at det er risiko knytt til integreringsarbeidet, og at dette er eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon i Bø kommune. Vi har likevel ikkje prioritert det opp i forhold til dei andre risikoområda.

### **Bustadsosialt arbeid**

Fleire kommunar har utfordringar i arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Bø kommune disponerer litt fleire kommunale bustader enn kommunar vi samanliknar med. Arbeidet er organisert under helse- og omsorg. Ifølgje årsmeldinga er det gjort tiltak for å følgje betre opp innbetaling av husleige.

I nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid 2014 – 2020 er det fastlagt felles nasjonale mål og prioriterte innsatsområde, og kommunane har ei nøkkelrolle i å realisere måla. Kommunane sin bruk av dei statlege verkemidla er ein viktig del av arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kommunen har

retningslinjer for bruk av startlån frå 2009. Tal i KOSTRA syner at det er fleire husstandar som er tilkjent støtte frå Husbanken, men litt færre bustader som er godkjent for finansiering med startlån. Det kan vere risiko knytt til kommunens ansvar for å sikre varig bustad, men vi har ikkje prioritert dette opp i forslaget.

### **3.5.3 Tekniske tenester - sjølvkostområda**

Kommunen yter tenester og utøver mynde på sjølvkostområda vatn, avløp, renovasjon, branntilsyn/feiing og plan- og byggesak.

#### **Vatn og avlaup**

Det går fram av økonomiplan/budsjett at anlegga i Bø held høg standard og at prøveresultat ligg godt innanfor gjeldande krav. Det blir arbeidd med lekkasjesøking, vedlikehald og flaumsikring, og ein planlegg investeringar for å auke kapasiteten i sentrum. Det er planlagt brukarundersøking i 2016.

#### **Renovasjon**

Bø kommune er medeigar i IRMAT AS. Det er krav om tvungen renovasjon for alle husstandar i Bø og det er innført tvungen hytterrenovasjon. For fastbuande har Bø kommune kjeldesortering av avfall. Det er informasjon om ordninga på kommunen sine nettsider. Nærare undersøking av innhaldet i renovasjonsordninga må eventuelt gjerast som selskapskontroll.

#### **Branntilsyn og feiing**

Det førebyggjande brannvernet omfattar mellom anna tilsyn med bygg, feiing av skorstein kvart andre år og tilsyn av fyringsanlegg kvart fjerde år i Nome, Bø og Sauherad kommune. Tenesta er lagt til eit vertskommunesamarbeid der Nome kommune er vertskommune.

#### **Byggesakshandsaming**

Bygningslova (pbl.) pålegg kommunane å ha planar for bruk og vern av tilnærma alle kommunale areal og ressursar. Eit føremålsteneleg og oppdatert planverk bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling. Bø kommune har arealplan frå 2015. Sakshandsamingstida ligg under gjennomsnittet, og innanfor lovpålagde krav. I 2014 var det tre klager til fylkesmannen. Kommunen sitt vedtak stod ved lag i alle sakene. Vi er ikkje kjende med om og i kva grad kommunen utfører tilsyn med byggesaker. Bortsett frå det ser vi ingen særskilde risikofaktorar her.

### **Sjølvkost**

Frå 1.1.2015 kom det nye retningsliner for korleis sjølvkost, og dermed også den øvre rama for gebyrinntekter frå innbyggerane på alle sjølvkostområde skal reknast ut. Kommunen brukar programvaren Momentum for å berekne sjølvkost innan varf-området. På byggesak og andre sjølvkostområde blir sjølvkosten berekna manuelt. Vi har ikkje sett særskilt risiko på sjølvkost i samband med revisjonsarbeidet gjennom året.

## **3.6 Berekraftig utvikling**

### **3.6.1 Planlegging i kommunen**

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging og vedtak skal sikre openheit, føreseielegheit og medverknad for alle interesser og styresmakter. I planlegginga skal det leggest vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast.

Kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver til kommunen. Planen skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningsliner og pålegg frå statlege og regionale styresmakter til grunn.

Bø kommune har planstrategi for 2012-2015. Samfunnsplanen er vedtatt i 2012. Den er tolvårig og set mål og strategiar for prioriterte samfunnsområde for Bøbygda og kommuneorganisasjonen frå 2013 og fram mot 2025. Handlingsdelen er for 2015-2018 og inngår i det årlege budsjettet. Arealplanen er vedtatt i 2015 og gjeld for perioden 2015-2027. Planane ligg samla tilgjengeleg på nettsidene til kommunen.

### **3.6.2 Næringsutvikling**

Ei av oppgåvene til kommunen som planstyresmakt er å vurdere og ta omsyn til næringsutvikling og næringsutbygging i kommunen. Kommunen sitt næringsarbeid er lagt til Midt-Telemark næringsutvikling AS. Det er fastsett ein felles strategisk næringsplan for perioden 2015-2018. Ei undersøking av korleis dette arbeidet blir ivaretatt må eventuelt gjerast som selskapskontroll.



### **3.6.3 Egedomsforvaltning og vern av verdier**

#### **Egedomsforvaltninga**

Kommunale eigendomar har betydeleg verdi. Samla kostnader for innkjøp, forvaltning, drift og vedlikehald utgjer om lag 15-20 prosent av økonomien til ein kommune. Ei kartlegging frå 2008 viste at om lag 1/3 av kommunale bygg var i god stand, 1/3 i delvis utilfredsstillande stand og 1/3 i dårleg stand.

God egedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi brukarane gode og effektive bygningar til lågast muleg kostnad. Dette vil seie å skape best mulege rammevilkår for brukarane si verksemd over tid. Kommunen har rolla både som eigar, forvaltar og bruker av egedom. Desse rollene er ulike og kan til tider ha motstridande interesser, og det er viktig at funksjonane er organisert på ein føremålstenleg måte.

Førande tilrådingar for god egedomsforvaltning tilseier at kommunen bør ha oversikt over status for kommunale bygg og bustader med tanke på å ivareta gjeldande krav til teknisk og funksjonell tilstand på egedomane. Kommunen bør vidare ha overordna politisk forankra mål for bustad- og egedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og til slutt rapportering som gir god kommunikasjon mellom bustad- og egedomsforvaltninga og politikarane, og som kan tene som grunnlag for avgjerder.

Samla areal på formålsbygg per innbyggjar i Bø kommune er litt lågare enn landsgjennomsnittet men litt høgre enn samanlikningskommunane. Arealet har vore stabilt sidan 2012. Bø brukar betydeleg mindre per m<sup>2</sup> til vedlikehald enn samanlikningskommunane. Vedlikehaldsutgiftene per m<sup>2</sup> har gått noko ned sidan 2012. Kommunen har ikkje planlagt større investeringar dei næraste åra, berre det som trengst for naudsynt drift og vedlikehald. Det går fram av budsjettet for 2016 at ein ikkje får gjort det planlagde vedlikehaldet.

Vi meiner at det er risiko knytt til egedomsforvaltninga, og at det kan vere grunn til å gjere ein forvaltningsrevisjon på dette området. Vi har likevel ikkje prioritert det opp blant dei andre forslaga.

### **3.6.4 Samfunnstryggleik og beredskap**

Plan- og bygningslova set krav til samfunnstryggleik i planlegginga i kommunar og fylke. Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane å planlegge beredskapen basert på ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med ROS-arbeidet i Bø kommune i 2014, og det skal vere øving i 2016. Det vart

gitt avvik i samband med tilsynet, og rådmannen opplyser at avvika er lukka. Bø ligg på høgste trinn i Beredskapstrappa<sup>8</sup>, basert på eigenmelding frå kommunen.

### **3.6.5 Miljøforvaltning**

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med å nå dei nasjonale miljømåla. Miljødirektoratet si kommuneundersøking 2008-2010 viste at mange kommunar slit med å innfri pliktene sine på miljøområdet.

Kommunen si mynde og samfunnsoppgåver på dette feltet spenner frå nedgravne oljetankar i bustadfelt via friluftsliv/fri ferdsel, viltforvaltning og motorferdsel i utmark til lokal luftkvalitet og klimaomsyn i lokal planlegging. Relevante oppgåver for Bø kommune som miljøstyresmakt er kartlegging og ivaretaking av naturmangfaldet gjennom arealforvaltning og anna utøving av mynde (jf. naturmangfaldslova), krav om tiltak knytt til forureina grunn og avfallshandtering i byggesaker, byggetilsyn, (plan- og bygningslova), tilsyn med nedgravne oljetankar, handtering av saker om forsøpling og villfyllingar (forureiningslova) og mynde knytt til motorferdsel i utmark (friluftsløva). Utøving av kommunen si miljømynde er dels lagt til Midt-Telemark Landbrukskontor (Sauherad kommune er vertskommune), og dels lagt til einingar i kommunen. Vi meiner at det generelt kan vere ein risiko for at kommunens mynde på desse områda ikkje blir godt nok forvalta, men har ikkje prioritert dette opp i plan for forvaltningsrevisjon.

---

<sup>8</sup> Fylkesmannens rangering av beredskapsarbeidet i kommunane.